

---

**Fra:** Marianne Aadland Sandvik  
**Sendt:** 10. april 2017 14:42  
**Til:** 'gilera\_\_@hotmail.com'  
**Emne:** VS: Vedr. førespurnad om utbetring av vegkryss

---

**Fra:** Marianne Aadland Sandvik  
**Sendt:** 10. april 2017 13:55  
**Til:** 'gilera\_\_@hotmail.com'  
**Emne:** Vedr. førespurnad om utbetring av vegkryss

Hei

Viser til førespurnad om utbetring av vegkryss ved Kyrkjessundvegen. Det vart gjeve løyve til frådeling av to eigedomar på gbnr. 38/2 i september 2016. I matrikkelen står det at du eig den eine eigedomen no. I vedtak om frådeling står det følgjande:

«Kommunen kan gje igangsettingsløyve til oppføring av einebustad, utan sekundærleilighet, på tomt 1 og 2 når det føreligg godkjent avkjørselsløyve fra Statens vegvesen, jf. vedtak frå Statens vegvesen datert 27.5.2016, samt justerte vilkår i brev datert 26.9.2016, sak 16/16645-4.»

For at Statens vegvesen skal gje avkjørselsløyve må avkjørsla byggjast, og godkjennast av vegvesenet, i samsvar med vegvesenet sine vilkår. Vilkåra er som følgjer:

1. Avkjørselen skal være ferdig bygget i samsvar med vilkårene nedenfor, og deretter kontrollert og godkjent av Statens vegvesen innen 3 år – tre år fra datoен på dette vedtaket, ellers faller tilsnagnet bort.
2. Kommunen skal ikke gi igangsettelsestillatelse til omsøkt bygg før endelig godkjent avkjørselstillatelse fra Statens vegvesen foreligger, jf. plan- og bygningsloven § 27-4. Når krav til frisikt er oppfylt, kan kommunen gi tillatelse til nødvendig grunnarbeid.
3. Avkjørselen må opparbeides i samsvar med vedlagte prinsippskisser og Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg, som ligger på lovdata.no.
4. Avkjørselen skal også kunne være felles med eventuelle andre, som på en naturlig måte kan bruke samme avkjørsel.
5. Frisikt 1,1 meter over bakken 6 meter inn i avkjørselen skal være minimum 100 meter til begge sider av kjørebanen. Sikten frem- og bakover på vegen, målt 10 meter fra avkjørselpunktet, skal være minimum 100 meter. Det er ikke tillatt å parkere eller plassere utstyr, tømmer, rundballer e.l. i frisiktsonene.
6. Svingradius skal være 9 meter (diameter 18 meter). Svingradius skal markeres tydelig f.eks. med grøft eller annen avisende kant mot sideterrenget. Det smaleste punktet i avkjørselen skal være 5 meter.
7. Stigningskravene må holdes (se skisse). Vi vil her spesielt gjøre oppmerksom på at avkjørselen skal ha et fall fra hovedvegen med 5 cm på de første 2 meterne.
8. Av hensyn til vedlikehold og trafikksikkerhet må det ikke samle seg vann i avkjørselen eller renne vann ut i fylkesvegen. Under avkjørselen må det legges dreneringsrør, minimum 300 mm i diameter, med eventuelt nødvendige kummer.

Så til svar på dine spørsmål:

1. Det må utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan før arbeid med avkjørsel til fylkesvegar blir satt i gang. Planen må godkjennast av Statens vegvesen. Viss arbeidet inneber eit «vesentlig terrenginngrep» etter plan- og bygningslova, må det også søkjast om til kommunen før arbeidet kan setjast i gang. Dette kan vi ta ei nærmare vurdering av når vi veit kva inngrep som må gjerast. Eg trur ikkje det må betalast noko til vegvesenet, men det må de avklare med dei. Viss tiltaket må søkjast om til kommunen vil dette koste frå kr 7 900 – 16 400, avhengig av kor stort terrenginngrepet er.
2. Du som utbyggjar står ansvarleg for utbetringa. Eventuelt saman med utbyggjar på den andre tomta.
3. Det er mulig det må søkjast om dispensasjon frå arealformålet landbruk, natur og friluft i kommuneplanen, men kommunen er positiv til ei utbetring i dette tilfellet.
4. Det kan byggjast to bustadar i dette området. Difor vart det gitt løyve til frådeling av to eigedomar. Det kan altså byggjast ein einebustad (utan kjellarleilighet) på din eigedom.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak  
Meland kommune  
e-post: [marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no](mailto:marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no)

